



Nytt frå *Leve heile livet*-arbeidet i Vestland

November 2020: I dette brevet får kommunane i Vestland nyttig informasjon om Leve heile livet-arbeidet frå Fylkesmannen i Vestland, KS, USHT, Vestland fylkeskommune og fylkeseldrerådet i Vestland.

Digital *Leve heile livet*-konferanse og tilbod om dialogmøte

Det regionale støtteapparatet inviterer til digital *Leve heile livet*-konferanse 1. desember.

Alle kommunane i Vestland har også fått tilbod om dialogmøte om reforma. Ei kartlegging vi har gjort viser kor langt vestlandskommunane er komne i sitt planarbeid kring *Leve heile livet*. [Les meir om konferansen og meld deg på her – fristen er 26. november klokka 15.00.](#) [Her kan du lese om dialogmøta vi inviterer til,](#) og [i denne saka kan du lese om kor langt kommunane er komne i sitt planarbeid kring *Leve heile livet*.](#)

Kinn kommune får *Leve heile livet*-prisen 2020

Prisen vart delt ut på den digitale konferansen 18. november.

Kinn kommune er eit døme til etterfølging fordi dei har brukarperspektivet med heile vegen, samtidig som dei har forankra reforma politisk, sa helse- og omsorgsminister Bent Høie.

[Les meir på nettsida til Fylkesmannen i Vestland](#)

Aldersvenleg samfunnsplanlegging sett på kartet i utviklingsplanen

Den nye utviklingsplanen for Vestland (2020-2024) definerer dei langsiktige måla og strategiane for fylket dei neste fire åra.

Fleire av måla og strategiane i utviklingsplanen, den regionale planstrategien, er viktige for å følgje opp dei nasjonale satsingane knytt til å utvikle eit aldersvenleg samfunn. Eit særskilt relevant mål er nummer 4: «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping», med strategien «Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping». [Her kan du lese Utviklingsplanen for Vestland.](#)

Sette fokus på samhandling om aldersvenleg samfunnsplanlegging

37 av kommunane i Vestland deltok på dei digitale fagdagane om aldersvenleg samfunnsplanlegging, som det regionale støtteapparatet inviterte til i september.

For å lykkast med samarbeid på tvers i kommunen, må alle ha ei forståing for- og kjenne eigarskap til felles mål. Det er rådet frå folkehelsekoordinator Tove Vikanes Agdestein på fagdagane. [Les meir på nettsida til Fylkesmannen i Vestland.](#)

42 millionar til mindre einsemd og meir aktivitet for eldre

Kommunar og frivillige organisasjonar i Vestland har fått over 42 millionar kroner til tilrettelegging for meir aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for eldre.

Koronapandemien har ført til ei einsam tid for mange eldre. Avgrensingar på sosialt fellesskap, aktivitetar og stengde møteplassar har prega kvardagen. No har kommunar og organisasjonar fått ekstra tilskot til å legge til rette for meir aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for eldre. [Les meir på nettsida til Fylkesmannen i Vestland.](#)

400 deltok på digital opplæring for fylkeskommunale råd

Alle fylkeskommunar og kommunar har eit lovpålagt ansvar for å opprette råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), eldreråd og ungdomsråd.

Vestland fylkeskommune, med støtte frå fylkeseldrerådet og fylkesrådet for personar med nedsett funksjonsevne, arrangerte i haust digital opplæring for fylkeskommunale råd i 36 kommunar. [Les meir på nettsida til Vestland fylkeskommune.](#)

Handbok i aldersvenlege lokalsamfunn er klar

Handboka og andre verktøy, som du finn på nettsida til KS, er eit bidrag til kommunane sitt arbeid med planlegging og utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn.

[Her kan du lese, laste ned eller bestille eit trykt, gratis eksemplar av Håndbok i aldersvennlige lokalsamfunn.](#) Ein presentasjon med eksempel på prosessar, verktøy og hjelpemiddel som kommunen kan bruke i arbeidet med å utvikle aldersvenlege samfunn er også utarbeidd. Her finn du presentasjonen [«Veikartet – en samling verktøy til inspirasjon og hjelp»](#) Og her kan du [sjå animasjonsfilm om korleis kommunen kan bli eit aldersvenleg samfunn.](#)

Delta på webinaret «Plan, prosess og medvirkning»

KS inviterer til webinar om aldersvenlege lokalsamfunn 27. november.

Webinaret går føre seg via Teams, klokka 10.00-13.00. Dersom din kommune vil delta, kan du ta kontakt med anne.berit.rafoss@ks.no.

Demensomsorg på gård – banebrytande forskning i Norge

Eit omfattande forskingsprosjekt viser at brukarar av Inn på tunet-tilbod er meir sosialt- og fysisk aktive på gard enn på ordinære dagtilbod.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning og NMBU. Inn på tunet-gardar i Vestland deltok i prosjektet. [Les meir her om Demensomsorg på gård.](#)

Metodekurs i systematisk refleksjon

I august hadde USHT og KS metodekurs i systematisk etisk refleksjon for kommunane i Sogn og Fjordane, med case knytt til innsatsområdet i *Leve heile livet*.

Systematisk etisk refleksjon er eit godt verktøy som kan nyttast til dilemma, haldningsarbeid, små og store endringar og implementering av gode tiltak. [Les meir på KS si nettside.](#)

USHT følger opp kommunane

Det meste av USHT Vestland sine aktivitetar går no føre seg digitalt.

- **USHT Vestland (Sogn og Fjordane)** gjennomfører det meste digitalt eller i kombinasjon med fysiske møtepunkt lokalt. Vi vil særleg trekke fram:
 - I Forbetringsutdanninga er det justert framdriftsplan, digitale samlingar og rettleiing. Informasjon er sendt til deltakarane.
 - Vi har læringsnettverk for «Gode pasientforløp» (FHI, KS, USHT). Invitasjon er sendt ut til Helse Førde og kommunane i deira opptaksområde og vi planlegg oppstart januar 2021, med første samling i mars. Kontaktperson: Elin Sørbotten elin.sorbotten@sunnfjord.kommune.no
 - I oktober starta vi opp med [Digital opplæringspakke innan lindrande behandling](#). 12 kommunar deltek, med 240 deltakarar.
 - KlinObs – observasjonskompetanse: Vi prøver ut eit program i ein kommune med digital oppfølging og lokal aktivitet.
 - [E-helse Vestland](#) er eit stort samarbeidsprosjekt i fylket for å støtte kommunane i implementering av velferdsteknologi.
 - [Sjå meir på heimesida til USHT Vestland \(Sogn og Fjordane\)](#).
- **USHT Vestland (Hordaland)** har [flytta til Alrek Helseklynge](#).
 - USHT bidreg sterkt med smittevern og førebyggjande arbeid i Bergen, mellom anna med fire ulike e-læringsprogram for Bergen kommune, knytt til smittevern. Kursa er opne for alle kommunar [via KS læring](#). Vi har utarbeidd e-læringskurs for smittesporing for dei som sjølv er aktive i det. Vi utarbeider også rutiner og prosedyrar for opprettinga av fire luftvegsklinikkar i Bergen kommune. Vi leiar eit koronateam for leiarstøtte med fokus på førebygging, og ved direkte smitteutbrot. [Les meir og sjå siemklista vi har utarbeidd](#).
 - Vi gjennomfører [Læringsnettverk Leve Hele Livet - Pasienttrygghet og kvalitetsforbedringsarbeid](#). Vi held fram med [ABC-opplæring](#) for fagområde Demensomsorg og Utviklingshemming, Musikkbasert Miljøbehandling, Demensomsorgens ABC og Mitt Livs ABC. [Digital opplæringspakke i lindrande behandling og omsorg ved livets slutt for helsefagarbeidarar](#) går føre seg i fleire kommunar.
 - Dei planlagde kursa i Musikkbasert Miljøbehandling, TID og VIPS er utsett.
 - Det er høg aktivitet i dei 16 kommunane som er med i Vestlandsprosjektet, og del av det nasjonale programmet for velferdsteknologi. Dette arbeidet blir vidareført i prosjektet E-helse Vestland. [Sjå meir på nettsida til Vestlandsprosjektet](#).
 - [Les meir på heimesida til USHT Vestland \(Hordaland\)](#).
- **USHT Helse Fonna** har alle sine aktivitetar på digitale plattformer.
 - Læringsnettverk i forbetringsarbeid hadde oppstart med leiarssamling 19. november, og den første samling i læringsnettverket er januar 2021. Kompetansehevingsprogrammet ABC: Mitt Livs ABC fagseminar blir arrangert i Fitjar og Ullensvang. Digital opplæringspakke i palliasjon har starta i to kommunar, og det vil bli eit tilbod til alle kommunar. Klin Obs kommune er planlagt, med tilbod til alle kommunar våren 2021 [Les meir på heimesida til USHT Helse Fonna](#).

Det regionale støtteapparatet for *Leve heile livet* og nyttige lenker

Det regionale støtteapparatet for Leve heile livet er Fylkesmannen, Kommunens sentralforbund (KS) og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT). I tillegg har vi ei koordineringsgruppe der fylkeseldrerådet i Vestland, Senter for omsorgsforskning og Vestland fylkeskommune også er med.

- [Stortingsmelding 15 \(2017 – 2018\) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre](#)
- [Ressursportal – for analyse og planlegging](#)
- [Helsedirektoratet si temaside om Leve hele livet](#)
- [Helsedirektoratet sin YouTube-kanal](#)
- [KS-verktøy strategisk kompetanseplanlegging](#)

Fylkesmannen i Vestland

Åse Vaag – fmhoava@fylkesmannen.no

Anne Eli Wangen – fmsfaew@fylkesmannen.no

[Fylkesmannen i Vestland si heimeside](#)

KS

Leni Klakegg - Leni.klakegg@ks.no

[KS si heimeside](#)

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

Marta Strandos – marta.strandos@sunnfjord.kommune.no

[USHT Vestland \(Sogn og Fjordane\) si heimeside](#) og [Facebook-side](#)

USHT Vestland (Hordaland)

Bodil Berg Kristensen – bodil.kristensen@bergen.kommune.no

[USHT Vestland \(Hordaland\) si heimeside](#) og [Facebook-side](#)

USHT Helse Fonna

Olaug Hindal olaug.hindal@haugesund.kommune.no

[USHT Helse Fonna si heimeside](#) og [Facebook-side](#)

Vestland fylkeskommune

Else-Marie Brobakke Aarø – else-marie.brobakke.aaro@vlfk.no

[Vestland fylkeskommune si heimeside.](#)

Fylkeseldrerådet i Vestland

Harald Ekroll – harald.ekroll@enivest.net

